



Foto: André Marton

# FØRESEGNER

Detaljreguleringsplan, del av gnr./bnr. 34/4, 19 og 188 mfl.

## EIKEDALEN HYTTEGREN

Samnanger kommune  
PlanID: 1242 201104  
Kommune - arkivsaknr: 11/419 og 18/1095

Forslagstillar: Ålvik ferieheim

Datert: 22.09.2016.

Rev: jf. vedtak 002/2019 i Naturutvalet den 17.04.2018

Justert for å imøtekomme førebels fråsegn frå fylkesmanne i Vestland 28.01.2019, rev. 30.03.2020

Justert for å sikre eksisterande hytter jf. tilbakemelding frå Samnanger kommune 03.06.2020





**FØRESEGNER FOR:**

Detaljreguleringsplan, del av gnr./bnr. 34/4, 19 og 188 mfl.

**Eikedalen hyttegrend**

**Samnanger kommune**

**FORSLAGSSTILLARAR:**

Ålvik ferieheim

<b>Sakshandsaming i samsvar med plan- og bygningslova</b>	<b>Dato</b>	<b>Saksnr</b>	<b>Sign</b>
Kunngjering oppstart regulering	24.11.2011		E. Ulvund
Kunngjering oppstart ny runde	24.06.2016		Geoplan AS
1.gongshandsama i Naturutvalet	17.04.2018	002/2018	RAAN
Offentleg ettersyn og høyring frå 30.07.2020 til 10.09.2020	23.06.2020	010/2020	RØL
2.gongshandsama i Naturutvalet	17.11.2020	023/2020	RØL
<b>Vedtak i Samnanger kommune</b>	<b>03.12.2020</b>	<b>092/2020</b>	<b>RØL</b>
Kunngjering av vedtak	17.12.2020		RØL
I medhald av § 12-12 i plan- og bygningslova. Planen er vedteken 03.12.20 Sign.: <i>Ragnhild Hønningdal</i> 16.12.2020			

**PlanID: 1242201104**

**Arkivsaknr: 11/419 og 18/1095**

# 1 Generelt

## 1.1 Plandokument, Pbl. § 12-3

Detaljreguleringsplan er heimla i plan- og bygningslova § 12-3, og består av desse føresegnene, planomtale og plankart dagsett 03.08.2017. Føresegnene gjeld innanfor ramma av Plan- og bygningslova med tilhøyrande vedtekter.

## 1.2 Formål med planen, Pbl § 12-5

Hovudføremålet med planarbeidet er å leggja til rette for etablering av nye fritidsbustader både frittliggjande og konsentrert i tilknytning til eksisterande byggjeområde for fritidsbustader med tilhøyrande infrastruktur.

Området blir regulert til følgjande formål:

### **Bygg og anlegg (Pbl § 12-5 nr. 1).**

- 1121 Frittliggjande fritidsbustader (BFF).
- 1122 Konsentrert fritidsbustader (BKF)
- 1510 Trafo (BE)
- 1560 Samleplass bos (BKT).

### **Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (Pbl § 12-5 nr. 2).**

- 2010 Veg (SKV).
- 2015 Gang-/sykkelsti (SGS)
- 2018 Annan veggrunn - tekniske anlegg (AVT).
- 2080 Parkering (SPA)

### **Grøntstruktur (Pbl § 12-5 nr. 3).**

- 3031 Turveg (GT).

### **Landbruks-, natur- og friluftsområder (Pbl § 12-5 nr. 5).**

- 5100 LNRF Landbruk, natur, reindrift og friluftsliv (L)
- 5130 Friluftsområde (LF).

### **Bruk og vern av sjø og vassdrag (Pbl § 12-5 nr. 6).**

- 6710 Friluftsområde i sjø og vassdrag (VFV)

### **Omsynssoner (Pbl § 12-6).**

- Sikringssoner - Frisikt (H140).
- Støysone – raud sone (H210)
- Støysone – gul sone (H220)
- Faresoner - Ras og skredfare (H310).
- Faresoner - Flaumfare (H320)
- Faresone – Høgspentanlegg (H370)

Bestemmelseområde:

Krav til særskild rekkefølge for gjennomføring av tiltak.

## **2 Rekkefølgekrev (§ 12-7, nr. 10)**

### **2.1 UTBYGGINGSREKKEFØLGJE FOR DELOMRÅDER, Pbl. § 12-7, nr. 10.**

Kvart delområde skal byggjast ut i takt med tilrettelagd infrastruktur. Ein kan ikkje byggje ut eit delområde før samferdselsanlegg, teknisk infrastruktur, samleplass for buss og VA- rammeplan er på plass.

### **2.2 SAMFERDSELSANLEGG, Pbl. § 12-7, nr. 10.**

#### **Vegar og parkering**

Interne vegar inkl. avkøyrsløve skal vera ferdig opparbeida som følgjer:

Før midlertidig bruksløyve/ferdigattest blir gitt for nye fritidsbustader i BFK1, BFK2 og BFK3 skal parkering på f\_SPA1 og veg fram til tomte f\_SKV2 og f\_SKV3 vera ferdig utbygd.

Før midlertidig bruksløyve/ferdigattest blir gitt for nye fritidsbustader i BFF2 skal parkering på tomt eller på f\_SPA1 og veg fram til tomte f\_SKV3 vera ferdig utbygd.

Før midlertidig bruksløyve/ferdigattest blir gitt for nye fritidsbustader i BFF5 - BFF8 skal parkering på f\_SPA1, f\_SPA2 eller f\_SPA3 og veg f\_SKV3 og køyrbar gangveg f\_SGS2 fram til tomte vera ferdig utbygd.

Før midlertidig bruksløyve/ferdigattest blir gitt for nye fritidsbustader i BFF3 og BFF4 skal parkering på tomt eller på f\_SPA1 f og veg fram til tomte f\_SKV2 og f\_SKV4 vera ferdig utbygd.

Før midlertidig bruksløyve/ferdigattest blir gitt for nye fritidsbustader i BFF9 og BFF18 skal parkering på tomt eller på f\_SPA1/f\_SPA 4 og veg fram til tomte f\_SKV2, inkludert tilknytt turveg vera ferdig utbygd.

#### **Gang- og sykkelsti**

Det skal inngåast ein intensjonsavtale mellom Eikedalen hyttegrend og Samanger kommune om at det skal inngåast ein utbyggingsavtale mellom Samnanger kommune, vegmynde og utbyggjar av Eikedalen hyttegrend om fordeling av kostnader og plikter ved etablering av gang- og sykkelsti langs fylkesvegen 0\_SGS1. Intensjonsavtalen skal føreligga før søknad om tiltak for nye fritidsbustader i området. Hyttefeltet kan utbyggast og ferdigstillast då oppfylling av rekkjefylgjekravet om gang- og sykkelsti vert utsett til etter at anna utbygging av anna teknisk infrastruktur er etablert langs Fv 49. Oppfylling av rekkjefylgjekravet vert sikra og oppfylt innan rimeleg tid og kontraktfesta i utbyggingsavtalen.

### **2.3 TEKNISK INFRASTRUKTUR Pbl. § 12-7, nr. 10.**

Nye fritidsbustader får ikkje midlertidig bruksløyve/ferdigattest før dei er knytt til godkjent felles anlegg for teknisk infrastruktur. Jf. Vegplan m/profilar og VA-rammeplan.

### **2.4 FELLES SAMLEPlass FOR BOS, Pbl. § 12-7, nr. 10.**

Det må ligge føre godkjend renovasjonsteknisk plan (RTP) for heile planområdet utarbeida samråd med BIR før det kan gjevast løyve om tiltak for nye fritidsbustader. Nye fritidsbustader får ikkje midlertidig bruksløyve/ferdigattest før felles avfallsanlegg for boss BKT1 er ferdig opparbeidd jf. RTP.

### **2.5 TEKNISK PLAN, Pbl. § 12-7, nr. 10.**

Plan for tiltak i tilknytning til graving, boring, sprenging og betongarbeid for å hindre forureining til vassdraget skal dokumenterast før det vert gjeve igangsetjingsløyve for tiltak på ny veg og nye fritidsbustader.

Før løyve til tiltak på ny veg og nye fritidsbustader kan godkjennast, skal det føreliggja teknisk plan for heile planområdet.

Før det kan gjevast bruksløyve/ferdigattest til ny veg og nye fritidsbustader skal det (dokumenterast som ein del av FDV) leverast trykktesting og rapport frå røyrinspeksjon som dokumenterer at anlegg for spillvass-leidningar er tett.

### **2.6 TERRENGHANDSAMING, Pbl. § 12-7, nr. 10.**

Terrenghandsaming, planting og tilsåing skal gjerast ferdig samstundes med vegar og fritidsbustadar. Alle skjeringar i høve utbygging av infrastruktur og hytter må reinskast og sikrast. Vurderinga må utførast av sakkunnig og dokumenterast før det kan gjevast bruksløyve/ferdigattest.

### **2.7 PARKERING, § 12-7, nr. 10.**

Parkering på fritidsbustad tomtene skal vera ferdig opparbeid før ein kan få bruksløyve/ferdigattest. Ved utbygging av SPA 1-5 er det høve til å leggje til rette for el-billading.

### **2.8 BEKKAR § 12-7, nr. 10.**

Nye fritidsbustader får ikkje midlertidig bruksløyve/ferdigattest før gamle vassrøyr frå Setratjørna like sør for Huldabottsfjellet, gamle brukonstruksjonar og eksisterande oppsamling av lausmassar i bekkeløp er fjerna/reinska. Viser til VA-rammeplan.

### **2.9 STØY § 12-7, nr. 10.**

Før det kan gjevast rammeløyve til hovudombygging eller fritidsbustader skal det støyreducerande tiltak vere planlagd.

## **2.10 BESTEMMELSEOMRÅDE, § 12-7, nr. 10.**

### **Bestemmelsesområde #1 - #3**

Snøskredfare. . Det er rekkefølgerkrav til tinglyst fråsegn. Det skal tinglyst fråsegn om forbod mot hogst som svekker området sitt vern mot snøskred i omsynssone H310\_3, fareområde for snøskred. Tinglysing skal skje for kvar einskilde eigedom innafor omsynsona. Om ein ikkje kan vise til tinglyst fråsegn på eigedomen, må det etablerast skredsikring før nye fritidsbustader innafor det einskilde bestemmelsesområdet får midlertidig bruksløyve-/ferdigattest. Vurdering, skredsimulering og planlegging av eventuell skredsikringstiltak skal utførast av sakkunnig.

- Rekkefølgerkrav for fritidstomter i bestemmelsesområde #1 er knytt til fråsegn eller skredsikringstiltak for området innafor omsynssona H310\_3 på gnr. 34, bnr. 5.
- Rekkefølgerkrav for fritidstomter i bestemmelsesområde #2 er knytt til fråsegn eller skredsikringstiltak for området innafor omsynssona H310\_3 på gnr. 34, bnr. 4.
- Rekkefølgerkrav for fritidstomter i bestemmelsesområde #3 er knytt til fråsegn eller skredsikringstiltak for området innafor omsynssona H310\_3 på gnr. 34, bnr. 19 og 192.

### **Bestemmelseområde #4**

Areal der det er indikert fare for steinsprang skal reinskast for laust materiale. Der det er eksponert fast fjell skal det vurderast behov for sikring, i form av steinsprangnett og/eller bolting, etter utført reinsk. Vurdering og panlegging skal utførast av sakkunnig. Ny fritidsbustad og veg som ligg innafor bestemmelseområde #4 får ikkje midlertidig bruksløyve/ferdigattest før området er reinska og sikra.

## **3 Felleseføresegner**

### **3.1 REGULERT BYGGEGRENSE, Pbl. 12.7 nr. 2**

Som regulert byggegrense gjeld byggegrenser vist i plankart.

### **3.2 AUTOMATISK FREDA KULTURMINNE/FORNMINNE Pbl. 12-7 nr. 6**

Om det kjem fram gjenstandar eller konstruksjonar i samband med graving, må arbeidet stansast og fylkeskonservatoren få melding slik at det kan gjennomførast gransking på staden, jf. Lov om kulturminne § 8, 2. ledd.

### **3.3 ESTETIKK OG STRUKTUR, Pbl. 12-7 nr. 4**

Alle bygg og installasjonar skal ha ei god utforming med høg arkitektonisk kvalitet og varige material. Material- og fargeval skal tilpassast lokalmiljøet og landskap.

### **3.4 ENØK. OG TEKNISK ANLEGG, Pbl. 12-7 nr. 4**

Ved prosjektering av bygg skal ENØK-tiltak vurderast.

Alle fritidsbustadar skal koplast til vatn- og avlaupsnett. Det skal liggje føre godkjend VA-løysing etter drikkevassforskrifta og forureiningslova samt PBL. Overvatn går til terreng og handterast lokalt. **Overvasshandtering skal ikkje endre naturleg eksisterande bekkefar, medføre skade på grunneigedom eller annan eigedom.**

Veganlegg skal byggjast ut i tråd med reguleringsplan. Det skal prosjekterast kulvertar og/eller bruer med tilstrekkeleg kapasitet der bekkeløpa kryssar vegtrase. Slike kryssingar skal ha ei utforming som ikkje er til hinder eller endrar retning på skredmassar. Plan for tiltak i tilknytning til graving, boring, sprenging og betongarbeid for å hindre forureining til vassdraget skal dokumenterast. Viser til krav og rammer i VA-rammeplan tilknytt reguleringsplan utarbeida av Byggadministrasjon Harald Bjørndal AS, 25.09.2018 revidert 27.11.2019 og 18.03.2020.

Straum, fiber og kablar skal leggjast i jord og i størst mogleg grad samordnast med andre tekniske anlegg.

### **3.5 INNGREP, Pbl. 12-7 nr. 4**

Alle inngrep som vert gjort i samband med utbygging skal utførast mest mogleg forsiktig og med omsyn til terreng og vegetasjon. Bygningar, anlegg og terrengforming skal tilpassast landskapet. **I områder utanom der det er omsøkte tiltak skal kulturlandskap og vegetasjon ivaretakast.**

### **3.6 SKJØDSEL, Pbl. 12-7 nr. 4**

Ved sal av nye fritidseigedomar skal det vere krav til etablering av velforeining i planområdet som skal ivareta skjøtsel av vegar, sikre opne vassvegar og skog. **LNRF området over byggjeområda (L1) er ikkje inkludert i området der velforeining har ansvar. I friluftsområdet på gnr. 34, bnr 19 og 192 (LF1) skal grunneigar ha ansvar for skjøtsel.**



## 4 Formål jf. PBL § 12-5

### 4.1 BYGG OG ANLEGG (jf. PBL § 12 – 5, nr. 1)

#### 4.1.1 Generelt, Pbl. § 12-7 nr.1

For frittliggjande hytter er det lov å byggje utegolv, terrasse og veranda eller balkong inntil 14 m<sup>2</sup>. Det kan i tillegg byggjast utegolv, maks 0,5 meter over bakken, maksimum 3 meter breidt langs hyttevegg.

Det er ikkje tillate med gjerde rundt fritidseigedomane. Det kan ikkje setjast opp skilt, portalar eller liknande.

Taket skal ha ikkje reflekterande taktekking. Det er lov med solcellepanel/solfangarar på tak og vegg. Hyttene skal ha ytterkledning av tre og/eller naturstein og skal tilpassast terrenget.

Overdekt biloppstillingsplass og uthus kan plasserast inntil 1 meter frå nabogrense.

Ved søknad om tiltak skal det vurderast og dokumentarast om tiltaket endrar eksisterande vassvegar.

#### 4.1.2 Fritidsbustadar frittliggande (SOSI-kode 1121), Pbl. § 12-7 nr.5

Innanfor byggeområda kan det førast opp frittliggande fritidsbustadar. Kvar fritidsbustad kan delast i fleire bygningskroppar. Fritidsbustad er å sjå på som ei eining. Møneretning skal i hovudsak fylgje terreng. Form på bygga bør tilpassast eksisterande terreng og omgjevnader. Det skal takast omsyn til plassering av eventuelle eksisterande bygningar på naboeigedom.

Der terrenget er brattare enn 1:6, skal løysing med underetasje og terrengmur nyttast framfor store inngrep og endringar i terrenget. Gavlvegg skal ikkje vere breiare enn 7 meter for bygg plassert brattare enn 1:6.

På tomtene 4, 10 - 13, 30 - 31, 34 - 35 og 39 - 42 er det ikkje tillate med kjellar.

#### Utnyttingsgrad BFF1 – BFF18:

I byggeområda kan største bygg vere på 160 m<sup>2</sup> BRA. Samla utnyttingsgrad for kvar eining (tomt) inkludert uthus og parkering er på inntil 220 m<sup>2</sup> BYA.

Gesimshøgde skal ikkje vere over 4,5 meter og mønehøgde ikkje over 7,5 meter, målt frå gjennomsnittleg opphavleg terreng.

**Parkering:**

Det skal vere minimum 2 parkeringsplassar pr. eining på tomte eller på regulert parkering.

BFF5 og BFF6 har ikkje høve til å parkere på tomtene men må ha tilrettelagd parkering på enten f\_SPA1, f\_SPA 2 eller f\_SPA 3.

Tomt med tilkomst frå GT7 i BFF7 må ha parkering på f\_SPA1.

Tomter i BFF8 – BFF14 som ikkje har høve til parkering på eiga tomt må ha tilrettelagd parkering på f\_SPA4.

**4.1.3 Fritidsbustad konsentrert (SOSI-kode 1122), Pbl. § 12-7 nr.5**

Innanfor byggeområda kan det førast opp konsentrert fritidsbustadar. Møneretning skal i hovudsak fylgje terreng. Form på bygga bør tilpassast eksisterande terreng og omgjevnader. Det skal takast omsyn til plassering av eventuelle eksisterande bygningar på naboeigedom.

**Utnyttingsgrad:**

Utnyttingsgrad for område BFK1 – BFK3 er på BYA = 30%

Gesimshøgd skal ikkje vere over 7 meter og mønehøgd ikkje over 9 meter, målt frå gjennomsnittleg opphavleg terreng.

**Parkering:**

Det skal vere minimum 1,5 parkeringsplass pr. eining på tomte eller på regulert felles parkeringsplass. Parkering kan skje i kjeller på fritidsbygg.

**4.1.4 Energi anlegg – Trafo (BE1 – BE2), Pbl. § 12-7 nr.1**

Områda skal nyttast til tekniske anlegg i tilknytning til fritidsbustadane.

**4.1.5 Samleplass boss (BKT1). , Pbl. § 12-7 nr.1**

BKT1 er felles samleplass for avfall, for alle fritidsbustadar i planområdet. Avfall skal kildesortert og det bør tilretteleggjast for fleksibel gebyrmodell med volumavgrensing og kundeidentifikasjon. Avfallsanlegg skal byggjast ut i tråd med renovasjonsteknisk plan (RTP) som utarbeidast i dialog med BIR og føreliggjande rettleiar.

## **4.2 SAMFERDSLEANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (jf. PBL §12-5,nr.2)**

### **4.2.1 Køyreveg (SOSI-kode 2010), Pbl. § 12-5 nr.2**

f\_SKV1 er privat veg opp til Eikedalen skisenter.

Køyreveg i hytteområda: Gjeld SKV2 – SKV4, som er private heilårsvegar.

Køyrevegen skal ha lineføring som vist i plankart. Køyrevegane dimensjonerast for fartsgrense 30 km/t og ÅDT0-400. Vegen kan opparbeidast med ei breidd på 3 – 5 meter, i tillegg til 2 meter på kvar side med anna vegareal. Køyrevegen kan nyttast som tilkomst for eigedomane som naturleg ligg tilknytt. Inn- og utkøyrslle er vist med piler i plankart. Det må sikrast tilstrekkeleg sikt ved inn- og utkøyrslle frå eigedomane.

Det er høve til å sette opp bom på private vegar.

Ved utbygging av vegen skal det gjerast tiltak for handtering av overflatevatn som hindrar avrenning av massar til nærliggande bekk/elv. Ved kryssing av vassvegar må bruer og kulvertar dimensjonerast med tilstrekkeleg kapasitet.

Plassering av pil for avkøyring til tomtene er å sjå på som ei tilråding.

Der vegen kryssar bekk er føremålsgrænse for anna vegareal, byggjegrense mot vassdrag.

### **4.2.2 Anna veggrunn – grøntareal (SOSI-kode 2019), Pbl. § 12-5 nr.2**

Anna veggrunn skal nyttast til avkøyrslle til tomtene frå tilkomstveg, samt grøft og plass for snø ved brøyting. Vegetasjon skal ikkje vere over 0,5 meter.

### **4.2.3 Gang- og sykkelveg, Pbl. § 12-5 nr.2**

Gang- og sykkelveg o\_SGS1, er regulert med ei breidd på 3,5 meter. Gang- og sykkelveg skal gje køyretilkomst til to eigedomar tilknytt. Det er knytt rekkefølgjekrav til opparbeiding av gang- og sykkelsti.

Gang- og sykkelsti f\_SGS2, er regulert med ei breidd på 3,5 meter. Dette er ein køyrbar gangveg fram til hyttene i BFF5 – BFF8 området. Det er høve til å køyre til eigedomane ved trassport av personar og varer. Det er ikkje høve til parkering langs f\_SGS2.

### **4.2.4 Parkering (SOSI-kode 2080), Pbl. § 12-7 nr.7**

f\_SPA 1 er felles parkering for heile planområdet, og kan byggjast ut med inntil 90 parkeringsplassar. Ved oppmerking av parkeringsplassar må det sikrast plass til vendehammar for lastebil i tilknytning til avfallsanlegg (BTK1) i området.

f\_SPA 2 er felles parkering for BFF5 – BFF8, og kan byggjast ut med inntil 13 parkeringsplassar

f\_SPA 3 er felles parkering for BFF5 og BFF8, og kan byggjast ut med inntil 6 parkeringsplassar

f\_SPA 4 kan byggjast ut med inntil 25 parkeringsplassar. Parkeringsplassane er felles parkering for tomter utan høve til parkering på eiga tomt i BFF9 - BFF18. Restplassar kan nyttast som felles parkeringsplassar i byggjeområda.

f\_SPA 5 kan byggjast ut med inntil 5 parkeringsplassar. Parkeringsplassane er felles parkering for tomter utan høve til parkering på eiga tomt i BFF17 - BFF18. Restplassar kan nyttast som felles parkeringsplassar i byggjeområda.

Det er høve til å legge til rette for el-billading på desse.

#### **4.3 GRØNSTRUKTUR (jf. PBL §12-5,nr.3)**

##### **4.3.1 Turveg (SOSI-kode 3031), § 12-7 nr. 1**

Det er høve til å opparbeide enkle gangstiar/turvegar i planområdet. Turvegen kan opparbeidast som vist i plankart.

**Breidd på maksimum 3 meter.**

Turvegtrase kan nyttast som anleggsveg i byggefasen og skal tilbakeførast til turveg når utbygging er avslutta. Etter ferdigattest på hyttene som soknar til vegen kan ikkje turvegen nyttast til køyreveg for bil.

#### **4.4 LANDBRUK-, NATUR- OG FRILUFTSFORMÅL (jf. PBL § 12-5, nr.5)**

##### **4.4.1 LNRF (SOSI-kode 5100), § 12-7 nr. 1**

Område skal nyttast til areal for nødvendige tiltak for gardstilknytt næringsverksemd basert på gardens ressursgrunnlag. Utmarka skal vere tilgjengeleg for alle. Det er høve til å etablere flaum-, ras- og skredsikringstiltak innafor arealet.

##### **4.4.2 Friluftsmål (SOSI-kode 5130), § 12-7 nr. 1**

Område skal nyttast til friluftsmål. Området skal vere tilgjengeleg for alle. Området er felles for alle i planområdet og ålmenta.

Det er høve til å etablere flaum-, ras- og skredsikringstiltak innafor arealet.

**Infrastruktur for vatn, kloakk og anna kan gå gjennom områda. Det kan opparbeidast stiar med breidd inntil 1,0 m.**

I arbeid med skjøtsel av områda skal det leggjast vekt på å ta vare på karakteristiske tre og mangfaldet i vegetasjonen.

#### **4.5 BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG, § 12-7 nr. 1**

Området gjeld bekkar i planområdet. Det er ikkje tillate med tiltak i vasstrengen som endrar bekken sitt naturlege løp.

## **5 Omsynsoner jf. PBL §12-6**

### **5.1 SIKRINGSONE, Pbl § 11-8 a**

#### **5.1.1 Frisiktsone**

Innanfor frisiktsone skal det vere fri sikt i ei høgd av 0,5 m over tilstøytande veg.

### **5.2 STØYSONE, Pbl § 11-8 a**

Ved søknad om tiltak for fritidsbustader støysone skal ein dokumentere at tiltaket følgjer støygrensene.

#### **5.2.1 Raud støysone**

Raud sone H210\_1 i tilknytning til vegstøy frå fv.49 har støynivå over  $L_{den}$  65 dB. Utan støytiltak i raud støysone er det ikkje lov å etablere bygg som inneheld rom med støyfølsam bruksformål (stove, soverom) eller uteopphaldsareal tilknytt fritidsbustad.

#### **5.2.2 Gul støysone**

Gul sone H220\_1 i tilknytning til vegstøy frå fv.49 har støynivå opp til  $L_{den}$  65 dB. Det kan ikkje gjerast hovudombygging eller førast opp nye fritidsbustader i området utan støyreducerande tiltak. Val av støyreducerande tiltak skal dokumenterast ved søknad om tiltak.

Det kan setjast opp støyskjerm/støyvoll langs fv. 49 mellom GS-veg og byggjeområda. Utan støytiltak langs fv.49 skal fritidsbustad etablerast med ei stille side kor vegtrafikkstøy er lågare enn  $L_{den}$  55 dB. Soverom skal plasserast med vindaug mot stille side og uteopphaldsareal skal skjermast slik at vegtrafikkstøy vert lågare enn  $L_{den}$  55 dB.

### **5.3 FARESONE, Pbl § 11-8 a**

#### **5.3.1 Ras- og skredfare (H310)**

H310\_1 – H310\_3 er område der skog er føresetnad for sikkerheit mot skred. Området har vern mot hogst. Skog skal veksa og ein skal ikkje ta ut all skogen på ein gong. Skogen må skjøttast på ein fornuftig måte. Det er ikkje høve til total avskoging av fjellsida eller hogst som skapar potensielle snøskredløp.

#### **5.3.2 Flaumsone (H320)**

Faresona H320-1 – H320\_5 langs bekk omfattar jord- og flaumskred og overfløyning av vatn. Bekkeløpa skal reinskast og sikrast/plastrast innanfor planområdet der dei går i lausmassar. Det må til sikring/plastring av bekkeløpa nyttast stein av tilstrekkeleg

størrelse som toler flaum- og sørpeskred. Det skal ikkje byggast bygg i sona. Kulvertar og/eller bruer må prosjekterast med tilstrekkeleg kapasitet der vegtrase kryssar bekkeløpa. Slike kryssingar skal ha ei utforming som ikkje er til hinder eller endrar retning på skredmassar. Vurdering og planlegging skal utførast av sakkunnig.

### **5.3.3 Høgspantanlegg (H370)**

Eksisterande høgspantline. Innanfor sona H370 kan det ikkje førast opp tiltak som kjem i konflikt med kraftlina. Eventuelle tiltak i sona skal godkjennast av lineeigar.